

Formidlingsplan for barn og unge

JÆRMUSEET

2017-2019



Innleiing

”Formidlingsplan for barn og unge” må sjåast i samanheng med ”Formidlingsplan for Jærmuseet 2016 – 2018” som blei vedtatt av styret i Jærmuseet 15. desember 2015. Den sistnemde er den overordna formidlingsplanen, denne planen er ein delplan som i hovudsak omfattar Jærmuseet sitt undervisingstilbod og andre aktivitetstilbod for barn og unge.

Målet med Jærmuseet si formidling er m.a. formulert slik:

”Jærmuseet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi. Jærmuseet forvaltar og produserer kunnskap og formidlar kunnskapsbaserte opplevingar. Museet skal bidra til at folk flest, og særleg barn og unge, får auka kunnskap og betre forståing for desse samanhengane, slik at vi kan oppretthalda og vidareutvikla eit teknologibasert samfunn som samtidig tar vare på natur og miljø, kultur og historie.”

Mål for formidlinga til barn og unge:

Jærmuseet skal formidla kunnskap og forståing gjennom formidling basert på oppleving, deltaking og utforsking. Me vil gje læringsopplevingar som skil seg frå skulekvardagen.

Det er knytt statlege føringar til det å vera regionalt museum og vitensenter. Som museum har organisasjonen føringar knytt til Stortingsmelding nr. 49/2008-2009 *Framtidas museum*. ”Tett på realfag”, *Regjeringens realfagstrategi 2015 -2019 og vitensenterprogrammet «Viten» 2016 -2019*, ligg til grunn for vitensenteraktivitetane.

Pedagogisk plattform – ”Læra ved å gjera”

Jærmuseet er både regionalt vitensenter og museum. Kombinasjonen av museum og vitensenter opnar for å knytta naturvitskaplege eksperiment og aktivitetar inn i kulturhistoriske samanhengar og forteljingar. Dette gjer det mogleg å knytta fleire fagområde og kontekstar saman når ein lagar pedagogiske opplegg.

Prinsippet om ”å læra ved å gjera” ligg til grunn for pedagogiske opplegg frå Jærmuseet. Målet med dette er å knytta saman teoretisk og praktisk erfaring, og å inspirera til undring, nysgjerrigheit og refleksjon. I formidlinga står oppleving, deltaking og utforsking sentralt. Denne formidlingsforma bygger på ei brei pedagogisk plattform, som gir dei ulike avdelingane moglegheit til å setta sitt særpreg på undervisninga, samtidig som grunntanken er felles. Undervisninga bygger elles si teoretiske forankring på m.a. pedagogane John Dewey, Howard Gardner og Tina Blyth, samt dei moderne vitensentraene sin ”far” Frank Oppenheimer.

Fagleg forankring – statlege rammeplanar

Jærmuseet skal ha pedagogiske opplegg som er tilpassa heile utdanningsløpet. Jærmuseet sine opplegg skal ha fagleg forankring i gjeldande læreplanar. Med dette meiner ein opplegg

for barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og høgare utdanning. Det er viktig at dei pedagogiske opplegga er knytt til tema og eksperiment i Jærmuseet sine utstillingar.

For barnehage gjeld:

- ✓ Rammeplan for barnehagens oppgåver og innhald (Ny rammeplan kjem i 2017.)

For grunnskulen og vidaregåande skule gjeld:

- ✓ L06 Kunnskapsløftet med gjeldande revisjonar

Den kulturelle skulesekken:

Den kulturelle skulesekken (DKS) er svært viktig for Jærmuseet. Me har opparbeidd eit godt samarbeid med DKS, både på fylkesplan og med fleire av vertskommunane, og det skal me vidareføra.

Mål og prinsipp for Den kulturelle skulesekken (DKS) finst i Stortingsmelding nr. 38 (2002 - 2003) Den kulturelle skulesekken og Stortingsmelding nr. 8 (2007 - 2008) Kulturell skulesekk for framtida. Som hovudmål skal den kulturelle skulesekken medverka til at alle elevar i skulen skal få eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod.

Kompetanse og kvalitet

Jærmuseet skal ha høg kvalitet på dei pedagogiske opplegga, og dei skal evaluerast og forbeholdt jamnleg. Høg kvalitet på formidlinga føreset god fagleg kompetanse hjå pedagogane, og at personalet jamnleg får styrka og utvida kompetansen.

For å sikra kvaliteten på formidlinga må pedagogar og formidlarar få nok tid til førearbeid, etterarbeid/evaluering og utvikling av nye pedagogiske opplegg. Bruken av eksisterande undervisningsopplegg må balanserast opp mot nyutvikling, slik at organisasjonen samla sett får ei god ressursutnytting av den pedagogiske arbeidskrafta.

For å sikra høg kompetanse samarbeider me med sterke fagmiljø - f.eks. universitet/høgskular, andre vitensenter, foreiningar og offentlege etatar.

Det er viktig å ha ein god dialog med brukarane. Jærmuseet skal vera ein ressurs for skulane. Dette betyr at ein mellom anna tilbyr kompetanse, utstyr og gjenstandar som skulane ikkje har sjølve.

Jærmuseet skal ha utstillingar med høg kvalitet. Nye og eksisterande installasjonar og utstillingar skal evaluerast og utviklast etter «UtVite modellen». «UtVite» tar utgangspunkt i behov knytt til djupare kvantitativ og kvalitativ kunnskap om vitensentera si betydning for læring av realfag og deira effekt som rekrutteringsarena.

Bruk av formidlarar i Jærmuseet

I tillegg til undervisning blir formidlarane brukt til blant anna dagleg drift, publikumsaktivitetar, kommersielle arrangement, eksperimentveka, ferieklubb, ferietilbod, utviklingsarbeid og produksjon av utstillingar.

Tiltak

- ✓ Tilstrekkeleg tid til planlegging, utføring, etterarbeid, evaluering, utvikling av nye pedagogiske opplegg og fagleg oppdatering.
- ✓ Vidareutvikla samarbeid med universitet og andre institusjonar, blant anna gjennom å vera praksisplass for lektorstudentar frå UiS.
- ✓ Strategi for koss ein løyser problem ved fråver hos pedagogisk personale på kvar avdeling. Ein bør så langt som råd unngå avlysingar.
- ✓ Utvikla større fagleg og didaktisk kompetanse hos formidlarane. I tidsrommet 2014-15: ein gjennomført PPU, to gjennomført etterutdanning i vitensenterdidaktikk.
- ✓ Pedagogsamlingar / undervisningsforum på tvers av avdelingane, lagt til 4 personalsamlingar i året, for å betra erfaringsutvekslinga og kunnskapsoverføringa internt i organisasjonen.
- ✓ I større grad nytta utstillingane som undervisningsarena for skuleklassar
- ✓ Legga til rette for at lærarar kan ta med elevar i utstillinga på eiga hand.

Anlegga:

Vitengarden

Vitengarden er eit vitensenter og museum som tilbyr undervisningsopplegg for barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, universitet og lærarkurs. Opplegga for dei ulike gruppene har ulikt fokus.



Tema for barnehage, grunnskule og vgs:

- Fysikk og kjemi
- Dyr, biologisk mangfald og friluftsliv
- Energi og miljø
- Mat , jordbruk og historie
- Arkitektur, teknologi og design

Tiltak

- ✓ SKAPE - Laga undervisningsopplegg til energiutstilling med fokus på 1.-7. trinn
- ✓ SKAPE – Evaluering av undervisningsopplegg
- ✓ Oppretthalda og vidareutvikla vårt ferietilbod, blant anna i samarbeid med 4H
- ✓ Arbeida vidare med evalueringsskjema for lærarar i netigate
- ✓ Vidareutvikla tema geologi, både utstilling og undervisning.

Tilgjengelige formidlarressuser i planperioden: 3,5 årsverk

Tal på barn og unge i organiserte opplegg som er omfatta av planen:

Utviklinga i planperioden 2011- 2015:

| | Barnehagar | Barnetrinnet | Ungdomstrinnet | Vid.skular | SFO/fritid | studentar | Sum |
|------|------------|--------------|----------------|------------|------------|-----------|--------|
| 2011 | 2518 | 5302 | 2137 | 790 | 1487 | 142 | 12 376 |
| 2012 | 3194 | 4926 | 2253 | 919 | 1277 | 160 | 13 042 |
| 2013 | 3260 | 5735 | 1277 | 537 | 481 | 64 | 11 354 |
| 2014 | 2796 | 5572 | 1498 | 567 | 1174 | 98 | 11705 |
| 2015 | 3829 | 7151 | 1892 | 829 | 2118 | 100 | 15919 |

Mål for planperioden 2017 – 2019:

I denne perioden blir pedagogiske ressursar brukt aktivt i utstillingsproduksjon og evaluering av undervisningsopplegg. Dette gjer at me ikkje aukar talet særleg dei kommande åra. Mål for perioden er 15 000 pr. år.

Vitenfabrikken

Vitenfabrikken er eit unikt vitensenter og museumsanlegg i Sandnes sentrum som tilbyr undervisningsopplegg for barnehagar, grunnskule, vidaregåande skule, universitet og lærarkurs.

Vitenfabrikken har undervisningsopplegg knytt til formidlingstema og dei faste utstillingane: «Det skal svara seg», «100 % energi», Byhistorisk utstilling og matematikkutstillinga på Abelloftet. I planetariet har Vitenfabrikken eigne undervisningsopplegg, stjernevisingar og filmar.



Formidlingstema for Vitenfabrikken:

- Matematikk, naturvitskap, teknologi og astronomi
- Sandnes byhistorie og regional industri- og teknologihistorie
- Energi og miljø
- Kunst og handverk / arkitektur
- Økonomi

Tiltak:

- ✓ Utvikla ny matematikkutstilling på Abelloftet og vidareutvikla tilhørande undervisningsopplegg.
- ✓ Utvikle undervisningsopplegg til ny by-og regional industri historie utstilling
- ✓ Utvikle Makerspace på Vitenfabrikken
- ✓ Videreutvikling av lærarkurs spesielt i samarbeid med realfagskommunen Sandnes
- ✓ Innkjøp av ein ny planetariefilm per år og vidareutvikling av undervisningsopplegg i planetariet til alle trinn.

Tilgjengelige formidlarressuser: 3,35 årsverk

Tal på barn og unge i organiserte opplegg som er omfatta av planen:

Utviklinga i planperioden 2011- 2015:

| | Barnehagar | Barnetrinnet | Ungdomstrinnet | Vid.skular | SFO/fritid | studentar | Sum |
|------|------------|--------------|----------------|------------|------------|-----------|--------|
| 2011 | 1964 | 6847 | 3163 | 1722 | 1234 | 619 | 15 549 |
| 2012 | 1630 | 7204 | 4032 | 1210 | 1254 | 654 | 15 984 |
| 2013 | 2166 | 5136 | 2888 | 865 | 1676 | 567 | 13 298 |
| 2014 | 2340 | 7666 | 2735 | 4342 | 1009 | 814 | 19 206 |
| 2015 | 3054 | 6496 | 2879 | 3908 | 1083 | 846 | 18 266 |

Mål for planperioden 2017 - 2019

Dei neste åra vil aktiviteten på Vitenfabrikken bli prega av byggeprosjektet/rehabiliteringa av Solavn. 10. I dei kommande åra skal det utviklast nye utstillingar og undervisningsopplegg til dei nye utstillingsareala. Formidlarane på Vitenfabrikken vil ha ei sentral rolle i denne utviklinga. Samla sett vil dette medføre noko mindre tid avsett til direkte formidling. Trass dette har me som mål i planperioden å halda oppe talet på om lag 18 000 elevar i organisert formidling pr. år.

Garborgsenteret



Garborgsenteret er ein nasjonal formidlingsarena danna for å fremja interessa for Arne og Hulda Garborg og deira tankar og visjonar. Senteret skal inspirera til samfunnsengasjement, til å lesa og til å skapa. Me formidlar Garborgrelaterte emne som

- Litteratur, språk og demokrati
- Media, livssyn og samfunnssyn
- Historia om norsk nasjonsbygging

Tilgjengelege formidlarressursar: ca.1,3 årsverk

Tiltak:

- ✓ Utarbeida fleire pedagogiske ressursar til nedlasting frå nettsida
- ✓ Årleg fordjupingsmeisterskap for vg3-elevar
- ✓ Vidareutvikla det gode samarbeidet med DKS
- ✓ Arbeida for å få meir besøk frå grunnskulen
- ✓ Utvikla DKS-opplegg om Hulda Garborg

Tal på barn og unge i organiserte opplegg som er omfatta av planen:

Utviklinga i planperioden 2011-2015:

| | Barnehagar | Barnetrinnet | Ungdomstrinnet | Vid.skular | SFO/fritid | studentar | Sum |
|------|------------|--------------|----------------|------------|------------|-----------|-------|
| 2011 | 0 | 100 | 45 | 68 | 0 | 0 | 213 * |
| 2012 | 78 | 204 | 197 | 1378 | 30 | 153 | 2040 |
| 2013 | 169 | 779 | 286 | 3567 | 221 | 45 | 5067 |
| 2014 | 143 | 529 | 1922 | 1719 | 45 | 55 | 4413 |
| 2015 | 290 | 902 | 1676 | 2636 | 0 | 100 | 5604 |

*Garborgsenteret opna ikkje før september 2012

Mål for planperioden 2017 – 2019:

Garborgsenteret har hatt eit godt samarbeid med DKS for vidaregåande skular,- og ønsker å vidareutvikla dette gode samarbeidet. Me vil òg prøva å utvida DKS-tilbodet til grunnskulane, gjerne ved å tilby opplegga våre til fleire kommunar. Elevtalet som DKS genererer vil likevel svinga alt etter påmelding frå skulane. Samstundes ventar me at Garborgsenteret vert meir kjent og at fleire skular vil nytta undervisningstilbodet vårt. Sidan stillingsressursane er uforandra, og avtalen vår med DKS Rogaland fell bort, er målet for planperioden å halda besøkstalet stabilt på om lag 5000 elevar i organisert formidling kvart år.

Science Circus



Science Circus er eit omreisande vitensenter - eit vitensenter på hjul! Science Circus har som målsetting å pirra nysgjerrigheita og undringa til barn og ungdom innan naturvitskap og matematikk. Science Circus reiser rundt til grunnskulane i Rogaland.

Tiltak:

- ✓ Gjera styrka bemanning permanent, gitt finansiering på plass
- ✓ Prøva å få til å gje dei skulane som ikkje kan reisa til Vitenfabrikken eller Vitengarden gratis realfaglege opplegg

Tilgjengelege formidlarressursar: 2 årsverk (1 årsverk prosjektfinansiert 2017-2018) + innleige av ekstra arbeidskraft).

Tal på barn og unge i organiserte opplegg som er omfatta av planen:

Utviklinga i planperioden 2011- 2015:

| | Barnehagar | Barnetrinnet | Ungdomstrinnet | Vid.skular | SFO/fritid | studentar | Sum |
|------|------------|--------------|----------------|------------|------------|-----------|--------|
| 2011 | 0 | 2476 | 1501 | 500 | 0 | 0 | 4477 |
| 2012 | 0 | 1716 | 6050 | 0 | 0 | 0 | 7766 |
| 2013 | 0 | 4690 | 1479 | 70 | 8200 * | 71 | 14 510 |
| 2014 | 0 | 7268 | 3782 | 0 | 0 | 0 | 11 050 |
| 2015 | 0 | 8262 | 3794 | 97 | 0 | 20 | 12 173 |

Mål for planperioden 2017 – 2019:

Med noverande stillingsressurs: 8000 elevar årleg

Tungenes fyr

Tungenes fyr er ein kultur- og museumsinstitusjon. Fyret er del av Kystverkmusea, Kystverket sitt etatsmuseum.

Tema for skular:

- Kystverket si historie
- Navigasjon
- Fysikk (elektrisitet, lys og lysbryting, magnetisme, oppdrift, dreiemoment)
- Biologi i fjæra
- 2. verdskrig



Tiltak:

- ✓ Utvida undervisningsstillinga til ei 100%-stilling, gitt auka finansiering
- ✓ Auka talet på elevar. Om undervisningsstillinga blir utvida, er målet 1000 elevar årleg.
- ✓ Utvikla nye undervisningsopplegg kvart år
- ✓ Vera praksisplass for lektorstudentar frå UiS
- ✓ Førebu «Vitenvågen» - eit maritimt vitensenter

Tilgjengelege formidlarressursar: 0,5 årsverk

Tal på barn og unge i organiserte opplegg som er omfatta av planen:

Utviklinga i planperioden 2013- 2015:

| | Barnehagar | Barnetrinnet | Ungdomstrinnet | Vid.skular | SFO/fritid | studentar | Sum |
|------|------------|--------------|----------------|------------|------------|-----------|-----|
| 2011 | 0 | 152 | 131 | 0 | 0 | 4 | 287 |
| 2012 | 0 | 50 | 109 | 0 | 0 | 0 | 159 |
| 2013 | 134 | 303 | 184 | 0 | 0 | | 621 |
| 2014 | 0 | 147 | 102 | 0 | 0 | 0 | 249 |
| 2015 | 0 | 105 | 248 | 0 | 0 | 0 | 353 |

Mål for planperioden 2017 – 2019:

Under føresetnad av auka stillingsressursar: 1000 elevar årleg

Bygdemusea

Bygdemusea deler formidlingsressursane mellom seg. Eit år kan tyngda i formidlinga ligga på eitt bygdetun, det neste på eit anna. Det betyr at tala kan svinga frå eit år til det neste. Me ser at det samla talet på formidling på bygdemusea går opp og anslår at det er muleg i planperioden med ein samla auke på 5 -10%

Limagarden

Limagarden er eit museumstun i Gjesdal der den eldste driftsbygningen er frå 1800. Garden ligg brattlendt til, var i drift fram mot 1980, men det var aldri traktor på garden.

Mykje av formidlinga baserer seg på eit samarbeid med 4H, Bondelaget og Bygdekvinnelaget i Gjesdal.

Tema for skular:

- Lokal historie, mattradisjonar, dyrehald på fjellgarden og tradisjonar til årstidene.
- Byggeskikk.
- Fugleliv, fiske og friluftsliv ved Limavatnet.



Tilgjengelege formidlarressursar: 1 -2 månadsverk

Tiltak:

- ✓ Halda kontinuiteten i formidlinga og tilby fleire tilpassa undervisningsopplegg

- ✓ Halda på det gode samarbeidet med skulane i kommunen og i regionen.

Tal på barn og unge i organiserte opplegg som er omfatta av planen:

Utviklinga i planperioden 2011- 2015: *

| | Barnehagar | Barnetrinnet | Ungdomstrinnet | Vid.skular | SFO/fritid | studentar | Sum |
|------|------------|--------------|----------------|------------|------------|-----------|------|
| 2011 | 167 | 1234 | 165 | 216 | 314 | 37 | 2133 |
| 2012 | 350 | 1005 | 0 | 198 | 290 | 24 | 1867 |
| 2013 | 191 | 1251 | 0 | 248 | 290 | 26 | 2006 |
| 2014 | 121 | 1122 | 34 | 20 | 265 | 90 | 1652 |
| 2015 | 126 | 1079 | 69 | 26 | 290 | 84 | 1674 |

På Lima har Bondelaget og Bygdekvinnelaget i Gjesdal ansvar for tre formidlingsopplegg som kvart år samlar rundt 500 elver frå barnetrinnet i bygda.

Grødaland

Grødaland i Hå er ein sjøgard med to bruk frå 1700 og 1800-talet. Dette er kanskje det finaste og best bevarte gardsanlegget i Rogaland. Tuna blei museum på 1950-talet og har interiør frå kring 1850 og 1930.



Tema for skular og barnehagar:

- Byggeskikk; jærhus og grindabygde lør.
- Mjølkestell og mattradisjonar
- Frå ull til klede, klesvask og handverk
- Gamle leikar og spel
- Livet på ein sjøgard på midten av 1800-talet og første del av 1900.

Tiltak:

- ✓ Oppretthalda og vidareutvikla tilbodet i sommarferien.
- ✓ Utvikla og spissa tilbodet til skulen

Varden Sjøredningsmuseum

I Sjøredningsmuseet fortel me historier om forlis og redning. Utstillinga syner utstyr frå redningsstasjonane langs jærkysten og redningsbåten «Tryg».

Tema for skular og barnehagar:

- «Langs farleg stronn»

Tiltak:

- ✓ Fortsetja det gode samarbeidet med historielaget og kystlaget rundt undervisningsaktivitetane.
- ✓ Tilby undervisning til fleire skular.



Tilgjengelege formidlarressursar: 1-2 månadsverk (Grødalaland og Varden)

Tal på barn og unge i organiserte opplegg (Grødalaland + Varden) som er omfatta av planen:

Utviklinga i planperioden 2011- 2015:

| | Barnehagar | Barnetrinnet | Ungdomstrinnet | Vid.skular | SFO/fritid | studentar | Sum |
|------|------------|--------------|----------------|------------|------------|-----------|------|
| 2011 | 49 | 131 | 136 | 0 | 550 | 0 | 866 |
| 2012 | 79 | 198 | 146 | 0 | 665 | 26 | 1114 |
| 2013 | 63 | 71 | 56 | 0 | 652 | 0 | 842 |
| 2014 | 152 | 689 | 62 | 0 | 566 | 0 | 1469 |
| 2015 | 229 | 557 | 96 | 0 | 721 | 0 | 1603 |

Haugabakka

Museet på Haugabakka i Klepp består av to bygningar som er flytta til eit lite parkanlegg: gamleskulen frå 1852, den fyrste fast skulen i Klepp, og eit folgehus frå ca 1910.



Undervisningsopplegga:

- Mattradisjonar.
- Fugl på Jæren
- Kunstforeininga har også formidling til skuleklassar innimellom.
- Undervisning i samband med skiftande utstillingar

Tiltak:

- ✓ Tilby undervisning til fleire skular.

Tilgjengelig formidlingsressurs: ½-1 månadsverk

Tal på barn og unge i organiserte opplegg som er omfatta av planen:

Utviklinga i planperioden 2011- 2015:

| | Barnehagar | Barnetrinnet | Ungdomstrinnet | Vid.skular | SFO/fritid | studentar | Sum |
|------|------------|--------------|----------------|------------|------------|-----------|-----|
| 2011 | 0 | 375 | 0 | 0 | 0 | 0 | 375 |
| 2012 | 78 | 174 | 140 | 0 | 0 | 0 | 392 |
| 2013 | 173 | 424 | 0 | 19 | 0 | 0 | 616 |
| 2014 | 125 | 176 | 0 | 0 | 0 | 0 | 301 |
| 2015 | 138 | 203 | 0 | 0 | 0 | 0 | 341 |

Vistnestunet

Vistnestunet er ein mindre sjøgard i Randaberg med bygningar frå 1875. Det er dyrehald på garden: sauer, høns og kaniner og ku på sommarbeite. Randaberg vgs nyttar museumsgarden ein dag i veka i skoleåret. Til dette opplegget er det knytt faste pedagogar Randaberg kommune har i tillegg ein formidlar til barnehage- og SFO besøk.

Tema til skulane:

- Byggeskikk, sauehald og fugleliv på Jæren
- Kokkar i friluft
- Undervising i samband med skiftande utstillingar.

Tilgjengelige formidlingsressursar, frå Jærmuseet : 5 månadsverk



Tiltak:

- ✓ Vidareføra det gode samarbeidet med Randaberg kommune og utvida tilbodet.
- ✓ Marknadsføra tilbodet overfor andre kommunar.

Tal på barn og unge i organiserte opplegg som er omfatta av planen:

Utviklinga i planperioden 2011- 2015: *

| | Barnehagar | Barnetrinnet | Ungdomstrinnet | Vid.skular | SFO/fritid | studentar | Sum |
|------|------------|--------------|----------------|------------|------------|-----------|------|
| 2011 | 0 | 841 | 452 | 0 | 445 | 42 | 1780 |
| 2012 | 19 | 1222 | 360 | 4 | 425 | 20 | 2050 |
| 2013 | 0 | 970 | 655 | 104 | 467 | 0 | 2196 |
| 2014 | 103 | 1122 | 205 | 35 | 435 | 26 | 1926 |
| 2015 | 11 | 796 | 314 | 362 | 565 | 0 | 2048 |

Randaberg kommune driv eit opplegg for dei tre ungdomsskulene i bygda. Utvalde elevar får kvar veke ein undervisningsdag på Vistnestunet.

Flyhistorisk museum

Flyhistorisk Museum Sola ligg i Sømmevågen ved Stavanger Lufthavn Sola.

Utstillingsbygget, ein tyskerhangar frå andre verdnskrigen, inneheld 32 utstilte museumsfly frå begynnelsen av flyhistoria fram til moderne tid.



Tema for skular:

- Enkle prinsipp om luft og flyging.

Tilgjengelig formidlingsressurs:

2 – 3 vekerverk,

- dels i samarbeid med Science Circus

Tiltak:

- ✓ Tilby undervisningsopplegget til fleire skular, gitt auka formidlingsressursar

Tal på barn og unge i organiserte opplegg som er omfatta av planen:

Utviklinga i planperioden 2011- 2015:

| | Barnehagar | Barnetrinnet | Ungdomstrinnet | Vid.skular | SFO/fritid | studentar | Sum |
|------|------------|--------------|----------------|------------|------------|-----------|-----|
| 2011 | 0 | 101 | 0 | 0 | 0 | 0 | 101 |
| 2012 | 24 | 191 | 0 | 0 | 33 | 10 | 258 |
| 2013 | 62 | 144 | 70 | 136 | 22 | 50 | 484 |
| 2014 | 37 | 214 | 307 | 112 | 0 | 27 | 697 |
| 2015 | 8 | 90 | 36 | 104 | 0 | 0 | 238 |

Krigshistorisk museum

Rogaland Krigshistoriske Museum held til i dei gjenverande bygga i Somaleiren. Her blir historia om andre verdskrig i Norge fortalt gjennom gjenstandar, diorama og bilde.

I mai 2017 opner museet nye utstillingar i Sømmevågen. Den tyskbygde torpedoverkstadn frå 2. verdskrigen, 100 meter nord for Flymuseet er under ombygging til formålet. Her vil me formidla historien om krigen i eit lokalhistorisk perspektiv. Sentralt står fleire personar som publikum følgjer



gjennom krigen og inn i freden.

I samband med flyttinga vil me utvikla nye undervisningsopplegg. Tilgjengelig formidlingsressurs: 1 vekerverk

Tiltak:

- ✓ Det blir søkt om nye pedagogressursar frå 2017, i samband med opninga av ny utstilling om 2.verdskrigen.

| | Barnehagar | Barnetrinnet | Ungdomstrinnet | Vid.skular | SFO/fritid | studentar | Sum |
|------|------------|--------------|----------------|------------|------------|-----------|-----|
| 2014 | 0 | 0 | 0 | 30 | 0 | 0 | 30 |
| 2015 | 0 | 0 | 8 | 45 | 0 | 0 | 53 |